

# Gausdals Tidende

7.Aargang      Gausdal Historielag      Nr. 1-1994

---

Vi er inne i OL-året og 1993 er historie.

For historielaget var 1993 et aktivt år. Medlemstallet er fremdeles høyt, hele 265 husstander har betalt medlemskontingent i 1993.

Slekt- og fotogruppene arbeider jevnt og godt med fast møtekveld i Østre Gausdal Prestegard første mandag hver måned. Interesserte kan bare møte opp. Vi hjelper så godt vi kan med å løse problemer når det gjelder slektsspørsmål.

Mange kan sikkert ha interesse av å se hva som finnes av kildemateriale og bakgrunnsstoff. Nytt av året er et fullstendig register over hva som finnes i Opplandsarkivet.

Salgskampanjen for Gausdal Bygdehistorie gikk over all forventning. Det ble solgt bøker for kr 91.040, det ga historielaget en provisjon på kr 27.312. En stor takk til bokselgerene.

Har du noen tanker omkring hva historielaget driver med, eller om hva vi burde drive med? - Det ville være fint å få reaksjoner fra medlemmene og andre i bygda. Og vi er svært glad når vi får tips om ting vi kan skrive om i Gausdalstidene eller Gausdalsminner. Eller emner for "Minnes du"-kvelder eller markdager. Intervjuobjekter tar vi gjerne imot tips om, også sagn og historier, foto, film og forminner. Vi har jo sagt dette før, men sier det likevel, sjøl om vi risikerer å "kråke"! La ingenting gå tapt fordi du ikke tror det er interessant.

## ÅRSMØTET I 1994

blir i Østre Gausdal Prestegard  
søndag den 10. april kl. 19.00.

### STYRET FOR GAUSDAL HISTORIELAG HAR FOR 1993 BESTÅTT AV:

**Marthe Stine Fyksen, Vestre Gausdal,**  
*formann, tlf. 61 22 63 78.*

**Thorstein Fougner, Follebu,**  
*nestformann, tlf. 61 22 03 05.*

**Kari Nustad Bergum, Vestre Gausdal,**  
*sekretær, tlf. 61 22 33 50.*

**Marit Paulsrød, Østre Gausdal,**  
*kasserer, tlf. 61 22 01 87.*

#### *Styremedlemmer:*

**Ole A. Kvistberg, Svatsum,** *tlf. 61 22 90 74.*

**Arne Helleberg, Vestre Gausdal,** *tlf. 61 22 54 45*

**Nils Engeland, Østre Gausdal,** *tlf. 61 22 07 03*

## JUTUL HOLEBERGET

I Svatsum er det ein gard som heiter Hole. Ein gong langt attende i tia budde det ein mann på Hole som heitte Jeans. Det var ein go'lynt, ærleg kar som ikkje gjekk nokon forner. I ne're enden av jordet hans steig det opp eit berg som ennå heiter Hole-berget. Inni det berget budde det ein jutul. Det var vel knapt om det var andre enn han Jeans som visste då jutula, men dei to var gode kjenninger og grannar. Når sola om kveldan seig bakom åsen, og bygdalarmen stilna, kunde stundom ein gråklædd gubbe koma gåande oppover mot Hole. Det var Jutul Holberget. Da vilde han gå og få ein prat med 'om Jeans. Andre enn han synte ikkje jutulen seg for.

Jutull'n skulde vera gift, og kjerringa hans var kome frå Hole. Ein dag Holekjerringa, ho Barbro, kom ut i svalgangen, fekk ho sjå ei mus på dørhella. Denna musa såg noko drug ut, der ho sat med framføtom lyfta opp for seg, mest som ho ba om noko. Barbro tykte synd i ho og sa: "Stakkar, du. Berre eg kunde, skulde eg hjelpe deg med ungom dine".



Tia gikk. Så ein dag kom Jutul inn på Hole og sa: "Du har lova å vera nerkono åt kona mi, og nå kjem eg for å hente deg". Barbro laut fylgje. Komne ned til berget, seig bergveggen burt, og dei sto i ei fattig stugu. Burte i senga låg kona bleik og mager, og matsmolo fanst ikkje i huset. Da sa ho Barbro: "Du Jutul skal gå opp på Hole-stabburet og hente ned noko mjøl, så eg kan få kokt noko mat til bar'seng-kjerringa, og kom att så fort du kan". Jutul la i veg. Komen opp på

stabburet vart han ståande ved mjølkjæret uta å kunne ta noko, for det var krossa over mjølet, og da var det stengt for han. Men mjøl måtte han ha med seg, og så tok han likeså godt heile mjølkjæret i fanget og bar det med seg. men da han skulde inn i berget, var døra for trøng for mjølkjæret, så han sleit av eine gjorda på det før han fekk det inn.

Siste gongen han Jutul viste seg der, var da kjørkjeklukken for fyrste gong ljoma gjennom Svatsum-bygda. Han Jeans sto og hogg ved ein kveld. Da kom Jutul gåande oppover. Jeans visste kor hardhendt han var når han helste, og han skunda seg og tok ein hestsko og hadde inni votten sin. Jutul kom som vanleg og helsa Jeans opp i handa, og da sa han: "Du er hard i nevan som du plar, du Jeans". "Ja, nevan blir nok ikkje mjukare den", sa Jeans. Da klemde Jutul til så hestskoen bogna som lær inni votta. Jutul takka nå for godt grannskap og vennskap, og sa han laut fløtja til eit rolegar stelle. Det var kjørkjeklukken som song han ut frå den gamle heimen.

Seinare fekk Jeans høyre at han hadde fløtt utover til Skreibergom. Det skulde vera ein svatsing som hadde treft han der. Men han treivst ikkje der heller. Denna bekken utafor der var så brysam. Han kom til å væte seg på hæl eller tå når han skulde over.



Dette gamle sagnet står i "Etter gamalt. Folkeminne i Gudbrandsdalen" bok IV, av Edvard Grimstad.